

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

### **Høyringsuttale – Endringar i kommunehelsetenestelova – eit verdig tenestetilbod**

Rådmannsutvalet i Hallingdalskommunane har bede kommuneoverlege Øystein Lappegard, Ål og Hol kommunar, om å sende inn uttale på høyringsnotatet om endringar i kommunehelsetenestelova – eit verdig tenestetilbod. Høyringsuttalen er utarbeidd i samarbeid med Steinar Aa, fagkonsulent Hol kommune, Borghild Ulshagen, fagkonsulent Ål kommune og prosjektleiar Kari Fosslie, Undervisningssjukeheimen for Buskerud.

#### **Dei seks kommunane i Hallingdal stiller seg bak høyringsuttalen frå KS Buskerud/ Telemark/Vestfold.**

I tillegg vil denne høyringsinstansen få presisera følgjande:

1. Ein er einig i at § 2-1 i Lov om kommunehelseteneste vert styrka gjennom ei presisering av retten til eit verdig tenestetilbod. Vi meiner imidlertid at den aktuelle setninga vert betre og meir hensiktsmessig ved å bli korta ned på denne måten:

*Enhver har rett til et verdig tjenestetilbud når han eller hun har behov for det.*

På denne måten understrekar ein på ein betre måte at lovteksten gjeld alle med behov for omsorgstenester.

2. Denne høyringsinstansen meiner at ei eiga forskrift om ei verdig eldreomsorg er unødvendig og forvirrande og svekkar intensjonen om ei samla, heilskapleg omsorgsteneste. Gjeldande kvalitetsforskrift kan omformast til å understreka dei særlege behova som dei eldre har for tilrettelagde tenester. Verdiar som respekt og verdigheit må vera ein del av eit internkontrollsystem som gjer det mogeleg både å påklage og måle avvik.

3. Tida er meir enn moden for ei samordning av lov om kommunehelseteneste og lov om sosiale tenester. Sameleis er det i tenesteapparatet eit sterkt behov for å få ei samordning av finansieringsordningane på tvers av dei to lovverka. Finansieringsordningane må også sikre at kommunane kan vidareføre tenestetilbodet til ressurskrevjande brukarar etter at desse har vorte 67 år, utan at dette går på bekostning av andre tenestemottakarar.

Med helsing

(sign)  
Øystein Lappegard